

## Tabell A-k

### Utgiftsutjamning, kommunane

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den enkelte kommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kol. 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kol. 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-k, kolonne2.

Berekninga av utgiftsutjamninga er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2013.

### Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell E-k. Ein indeks på 1 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov som er respektive 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell E-k, kolonne 29.

### Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2014 er på landsbasis berekna til om lag 236,66 mrd. kroner, som utgjer 46 609 kroner per innbyggjar.

### Kolonne 3 – Kommunens berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er landsgjennomsnittleg berekna utgiftsbehov (kol. 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar kommune, og vist i kroner per innbyggjar.

### Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i kommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

### Kolonne 5 – Samla omfordeling for kommunen (1000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) multiplisert med kommunens innbyggjartal per 1. juli 2013 (tabell F-k, kol. 2).

### Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Kommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. For ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Til grunn for trekket ligg elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2012 (tal frå Kunnskapsdepartementet).

Treksatsane per elev for 2014:	
Vanleg undervisning	78 700
Spesialskular	260 100
Opphald	274 800

### Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle kommunar (sum for landet i kol. 6) blir ført attende til den enkelte kommune etter kommunen sin del av utgiftsbehovet.

**Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular**

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

**Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning**

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir vidare nytta i tabell 2-k, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.